



Inspirerende med småbarnstreff synest Nelly (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Leiarane synest det er inspirerende med småbarnstreff.
Det skriv Nelly Kjærland i ein rapport for 2011 og held fram:**

**- Der kjem mor, far, bestemor og dagmamma med borna sine.
Borna leikar og dei vaksne pratar. Vi leiarane kjenner ei
barnehand som tek oss med i leiken - vi kjenner ro og harmoni**

Nelly slår fast at det er ei rik oppgåve å få fortelja borna om Jesus via song og bibelfoteljing og å skapa ein sosial værestad for borna og dei vaksne på bedehset.

Småbarnstreffet har eksistert sidan 1990-talet og tok til i Gamleskulen. Nelly fortel at det var 17 samlingar i fjor, annakvar onsdag i ein og ein halv time. 22 born var innom og gjennomsnittet var 10. Borna kjem frå Uskedalen, Herøysund, Valen, Seimsfoss, Rosendal og Sunde, altså frå heile kommunen.

Det er Nelly og Selma Eik som har stått for treffet saman. Av personlege grunnar har ikkje Selma vore med i det siste og Nelly har vore åleine leiar.

Det er no sendt inn søknad til kommunen om driftstilskot og dei totale inntekter i fjor var 10 341 og dei totale utgifter 9 847. I tillegg kom utgifter på 1635 kroner til mat og drikke.

Av Ola Matti Mathisen